



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato
10.11.2017
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2017/13768
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane og fylkeskommunen
v/ansvarleg for skule

Førespurnad om kommunens og fylkeskommunens ressursar knytt til opplæringslova kap. 9A

Fylkesmannen er fra 1. august 2017 førsteinstans for behandling av meldingar som gjeld elevane sitt skolemiljø etter opplæringslova kapittel 9A.

I tillegg til å ta stilling til om skulane har oppfylt aktivitetsplikta si etter oppl. §§ 9A-4 og 9A-5, kan Fylkesmannen vedta kva for tiltak skulen må setje inn for å sørge for at eleven får eit godt og trygt skolemiljø. Dette følgjer av oppl. § 9A-6 andre og fjerde ledd.

Formålet med dette brevet er å få tilbakemelding frå kommunane/fylkeskommunen i Hordaland om kommunen/fylkeskommunen har tenester og tilbod som skulane i kommunen/fylkeskommunen kan nytte seg av for å sikre elevane eit godt og trygt skolemiljø på skulen, skulevegen og under aktivitetar i skulens regi.

Ei slik oversikt vil vere til hjelp for Fylkesmannen i arbeidet med å vedta tiltak etter oppl. §§ 9A-4 og 9A-5.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding på kva for tenester og tilbod kommunen/fylkeskommunen har, til dømes læringsmiljøteam, ambulerande tenester, psykisk helseteam, mobbeombod eller andre eigna tilbod. Vi ber også om tilbakemelding på om kommunens/fylkeskommunens PPT kan bistå skulane i skolemiljøsaker.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding innan **30. november 2017**.

Dersom noko er uklart, eller de har andre spørsmål kan de ta kontakt med anten Eva Bendiksen, Grethe Fjeld eller Hanne Melander på e-post eller telefon.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.